



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Vår dato: 27.03.2025
Vår ref.: 202506529-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2024/1318-20

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE sin uttale - Endring av detaljreguleringsplan for akvakulturanlegg Øyarhamn etter forenkla prosess - Gnr. 163 bnr. 1, 2, 4 og 15 - Planid 201200010 - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 05.03.2025. Saka gjeld høyring av detaljreguleringsplan for akvakulturanlegg Øyarhamn etter forenkla prosess. Føremålet med planendringa er å legge til rette for utviding av kaiareal for å sikre tilstrekkeleg djupne for brønnbåtar, og avsette naudsynt fyllingsfot i sjø og opne for sjøvasspumpestasjonar. I tillegg er område for småbåtanlegg noko utvida.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

Tryggleik mot naturfare

Ein mindre del av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Skredfaren blei vurdert av fagkyndige, jf. rapport av COWI datert 12.03.2023, då gjeldande plan blei utarbeid. Konklusjonen var at planområdet stettar tryggleikskrava i TEK10 § 7-3. Med omsyn på fare for kvikkleireskred ligg planområdet i «Område utan fare», jf. [NVE Atlas](#).

Utfylling i strandsona kan utløyse skred

Endra plan legg opp til å utvide kaiarealet ved å fylle ut i sjøen. I NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Der står det at det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning



i sjø, og at skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Difor rår rettleiaren til at det alltid vert gjennomført grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona. Vi rår dykk til å sette krav i føresegnene til planen om at det skal gjennomførast grunnundersøkingar og fagkyndig geoteknisk detaljprosjektering før fylling i sjøen kan finne stad.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

KVINNHHERAD KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND